



Dato: 08.02.2005
Dokumentref: 03/890-66/233 C52

FORPROSJEKT FOR EIDEGARDEN



Rekonstruksjon av Eidegarden. Skisse laga av Arkikon.

Februar 2005, frå prosjektleiar Leela Anita Kjørvi

INNHALD

1. Samandrag.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2. Folkevandringstida og Eidehøvdingen.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3. Formidling.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4. Prosjektets bakgrunn og mål.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5. Prosjektets organisering.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6. Næringsmessige utfordringar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7. Lokal forankring.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8. Utbyggingsalternativ.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9. Organisasjonsform.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10. Framdriftsplan.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
11. Vedlegg.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
A: Uttalar:.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
B. Innhald og aktivitetar:.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
C. Delprosjekt:.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
D. Formelle organisasjonsformer.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
F. Prosjektleiar si utgreiing til styret.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1. SAMANDRAG

Vi har eit arkeologisk funn frå folkevanringstida med grava til Eidehøvdingen og garden hans. Funnet er nasjonalt unikt og svært detaljrikt. Kombinert med dei andre flotte funna i kommunen, ser både styret og fagfolk eit stort potensiale for eit formidlings prosjekt på tomta til Eidegarden. Grunna plassering mellom industri, religiøst senter og private bustadar blei ulike alternativ for formidling vurdert. Etter ei total vurdering av ulike alternative løysingar, gjekk styret einstemmig inn for å *rekonstruera* Eidegarden.

Styret ser dette alternativ som best eigna både ut frå faglege, økonomiske og øvrige ringverknader. Ein rekonstruksjon vil skapa eit anlegg så nært opp til originalen som mogeleg, og bli eit spanande forskningsprosjekt for ulike faggrupper innan arkeologi, arkitektur og handverkstradisjonar. Formidling av dei historiske røtene tilbake til folkevandringstida kan med dette få eit fyrtårn lokalt og nasjonalt.

Finansieringa av eit slikt anlegg ser styret som realistisk å få på plass, særleg ut ifrå den sterke lokale forankringa. Vi har ein stor dugnadskapital som kan utløyse ekstern delfinansiering og resultera i interesse for bidrag frå næringslivet.

Samarbeidet med Nordfjord Folkemuseum gjev óg anledning til å byggje opp drifta gradvis gjennom samarbeid om ressursar fram til ein er sjølvstendig fagleg og økonomisk.

Byggmassen vil gje unike og flotte lokaler for utstillingar og aktivitetar. Denne levandegjorte heilheita vil appellere til eit breitt spekter av publikum.

I undervisningssamanheng vil både grunnskule, vidaregåande skular, høgskular og universitet kunne benytte seg av anlegget. Der er eit variert spekter av tema ein kan femne om frå arkeologi og arkitektur til drama og kunsthåndverk. Der er både ein forskning- og formidlingsdimensjon, i tillegg til at ein får eit godt miljø for å skape interessante lokale, nasjonale og europeiske prosjekt.

Samstundes er der eit kommersielt potensiale som kan skape inntekter til drift og ringverknader for lokalt næringsliv. Alt no er fleire gode idear klare for realisering. Dagens plassering opp mot industriområde må sjåast som eit spennande utgangspunkt for synergjar mellom kultur og næring.

Med dette ynskjer styret at Gloppen kommune tek saka vidare i retning av å få realisert ei gjenreising av høvdingesetet på Eidegarden.

2. FOLKEVANDRINGSTIDA OG EIDEHØVDINGEN

Fram mot 400 e.kr smuldrar det Romerske imperiet gradvis opp og det blir lengre periodar med krig og uro. Det gamle løysast opp og nye konstellasjonar oppstår. Folkegrupper forflyttar seg og nye handelsruter oppstår der dei gamle har blitt utrygge. Såleis flyttast hovudhandelsrutene frå vestlege romarriket til det austlege. Germanarane si makt aukar og vi får handel mellom germanske sentre og oppover i Skandinavia

Den urolige perioden verkar for å utløyse sentraliseringsprosessar, og begynnande riksdanningar krystalliserar seg i Europa. Her på vestkysten av Noreg kom dette ikkje lengre enn til samlingar i høvdingedømer som har inngått i hierarkiske nettverk av forsvars- og handelsalliansar nedover i Europa.

Storbonden på Eide har vore ein av desse regionale høvdingane og var sannsynlegvis av germansk avstamming. Garden kor han hadde sitt sete imponerte stort der den låg ved ferdselsåra mellom fjorden og indre strøk. Fjosen kunne huse opp til 30 storfe og hovudhuset på 43 meter var kun for menneskeleg aktivitet. Ein storhall kor han samla folk til møter og feiringar av verdsleg og sakral art. Bak huset låg kokegropene som kunne nyttast til matlaging for store gilder. Eidehøvdingen inneheldt såleis makt både økonomisk, militært og sakralt.

Når han så døyr og gravleggast, blir han hauglagt ute på kanten med utsyn over fjorden. Her godt synleg for dei som kom sjøvegen, og som landemerke langs ferdselsåra, låg han og viste si makt lenge etter sin død. Gjenstandane han får med seg i grava er statusgjenstandar frå austlege romarriket, klessdrakt og våpen viser hans militære rang. På brystet får han lagt "*tankeringen*" slik at den blir med han på reisa gjennom døden.

Tankeringen er fortsatt eit mysterium som trekker kommunikasjonslinjer til Iran og Afghanistan kor same type gjenstand er funne. Sjølv om desse er av nyare dato er det eit konkret døme på kontakt over store avstandar i gamal tid. Kva desse tankeringane har blitt nytta til er ikkje godt å seie. Kanskje har dei ei religiøs tilknytning, bruksgjenstand eller eit puslespel?

3. FORMIDLING

I Gloppen er der gjort mange arkeologiske funn frå folkevandringstida, og gjennom dette prosjektet ynskjer vi å få til ei formidling frå denne perioden. Drivkrafta har kome frå to funn som skil seg ut i internasjonal samanheng, gravfunnet til Eidehøvdingen og garden hans.

Funna etter Eidehøvdingen sin gard frå ca. 450-550 e.kr. er ein av dei største og best bevarte i landet. Garden har hatt ei anna planløyning enn vanleg, med at husdyrhald har vore adskilt frå hovudhuset med ein eigen fjøs. Dette tyder på at huset må ha hatt ein viktig funksjon som samlingsstad og er berre kjent andre stader kor der var sete for ein høvding/småkonge.

Fagfolk frå Universitetet i Oslo og Bergen samt frå Arkeologisk museum i Stavanger vektlegg at kombinasjonen mellom det store gardsanlegget og gravfunnet gjev oss ei unik innsikt i dei øvre sosiale sjikt i Folkevandringstida. Derneft har vi mange andre funn i kommunen som kan gje oss ei brei framstilling av dei lokale forhold i denne tidsperioden. Fagfolka ser eit stort potensiale i funna både forskings- og formidlingsmessig gjennom lokalt, nasjonalt og europeisk nivå.

Anbefalinga er å vise både den økonomiske eining i gardsanlegget og den større samanheng lokalt for å vise samfunnets breidde. I tillegg har vi den Europeisk dimensjon som kan gje utgangspunkt for interessante utstillingar og prosjekt i samarbeid med andre europeiske land. Folkevandringstida er perioden kor statsdanningane vi ser i Europa i dag byrja å vise seg, og er eit av forløpa til å samle Noreg til eit rike.

Heilheita i dette folkevandringssamfunnet er svært interessant å kunna vise fram, både historisk og samfunnsmessig. Dersom dette blir gjort med ei solid fagleg forankring, kan fleire få ei høve til å oppleve og læra. Born som vaksne kan oppleve eit miljø frå denne tida og sjå koss dei ulike elementa er fletta inn i eit levande samfunn. Vi får rikare lokalhistoriske kunnskapar og auka medvit om stadens utvikling og reflektera og undras over mangfaldet i ei rik og betydingsfull historisk tid.

4. PROSJEKTETS BAKGRUNN OG MÅL

Ved arkeologiske utgravingar i Mona i 2000 vart det avdekt eit stort førhistorisk gardsanlegg som kan daterast til tidsrommet då Eidehøvdingen regjerte på Eide. Gloppen kommunestyre vedtok at det skulle setjast ned ei gruppe med mandat til å lage eit prosjekt for å ta vare på gardsanlegget i Mona (sak 085/00). Området var frigjeve for utbygging etter utgravingane, så i samarbeid med Sandane Kristne senter som hadde tomte, vart det gjort ei avtale slik at kommunen fekk sikra eigeomen til kulturføremål. Avtaler om veg og parkeringsplassar blei samtidig laga.

Hovudmål

- Å synleggjere den kulturelle verdien av funnet nasjonalt og internasjonalt, samt tilhøvet mellom gravfunnet av Eidehøvdingen og Eidegarden.
- Lage ulike alternativ for framsyningsform med kulturminnefagleg forankring.
- Vise byggekostnader og drift ved dei ulike alternativa, samt næringsmessige ringverknader og mogelege synergieffektar i tilknytning til anlegget.



Foto: Søren Diinhoff

5. PROSJEKTETS ORGANISERING

Gloppen kommune ved kultursjef Jan Kjetil Øygard, har stått som prosjektansvarleg for prosjektet. Leela Anita Kjörvik vart tilsett som prosjektleiar i august 2003.

Styringsgruppa

Denne har bestått av Gloppen kommune ved Jan Kjetil Øygard, Fylkeskommunen si kulturavdeling ved Trond Ueland, Nordfjord Folkemuseum ved Aslaug Nesje Björlo, Gloppen Næringsorganisasjon ved Alf Osa og Gloppen Sogelag ved Sverre Folkestad. Gruppa har hatt ansvar for økonomien i prosjektet, godkjenning av framdrift og kvalitetssikring av resultatane som er framlagde.

Referansegruppe

Universitetet i Bergen ved Arkeolog Søren Diinhoff, Fylkeskommunen si kulturavdeling ved Arkeolog Eva Moberg og Sivilarkitekt Kollbjörn Nesje Nybø. Gruppa har gjeve fagleg rådgjeving undervegs.

Reise- og næringsliv

Her har reiselivsgruppa i Gloppen næringsorganisasjon bidrege saman med Gloppen Hotell og Didrik Eide. Keramiker Åse Skrivervik, Karins Vevestudio og Myklebust Kunst & Handverk er med på innspel til utstillingsobjekt, kurs og produktutvikling. "Norwegian Moods" har samarbeida om å nytte element frå tekstilfunna i sin klesdesign.

Dugnad

Arbeidsgruppe som har bidrege med idear og innspel til dugnadsarbeid. Atle Djupvik og Sverre Løken har laga skisser og kostnadsoverslag til rekonstruksjon. Gruppas engasjement er knytt til alternativet med rekonstruksjon, og vil få ansvar ved organisering av dugnadsarbeid.

Innleigde tenester

Landskapsarkitekt Eli Kjær har gjeve vegleiiing til parkløysing, denne er midletidig illustrert med Åland arkitektkontor si skisse, Nordplan ved Sivilarkitekt Arild Wåge på arkitektonisk parkløysing og Arkikon på digitalisering av rekonstruksjon.

6. NÆRINGSMESSIGE UTFORDRINGAR

Kultur og næring

Dei økonomiske ringverknadene av dei historiske funna kan finnas i nye mogelegheiter for reiselivsnæringa, for teneste- og produktutvikling i det lokale næringsliv, samt skapa eit spennande innslag i ei industritomt. Plasseringa i Industritomta vil gjere bedriftene som ligg der meir synlege for lokalbefolkning og besøkande. Eidegarden kan og nyttast til ramme kring mottak av kundar og gje området eit vakkert og interessant innslag. Til gjengjeld håpar vi å få eit fruktbart møte mellom kultur og næring. Kor vi kan få felles utbytte av kvarandre sin kompetanse og ressursar og auke vår kreative kapital og utvikling av nye produkter og tenester.

Prosjektet har allereie eit innovativt prosjekt på gang mellom kultur og næring. Dei lokale klesdesignarane i ”Moods of Norway”, vil la sin neste kolleksjon bli inspirert av Eidehøvdingen si klessdrakt. Eit spennande møte mellom fortid og notid som gjer funna kjende for motebevisste i inn og utland.

Eit anna område er samarbeid mellom fagfolk på forhistoriske tekstilar/ keramikk etc, og lokale kunsthandverksbedrifter. Her kan vi skapa kurs i handverksteknikkar, spennande utstillingar og utvikle produkt for sal (sjå vedlegg).

Kultur-turisme

Gloppen kommune har ein flott natur og vi har kulturhistoriske attraksjonar som allereie er godt besøkt. Begge dei arkeologiske funna ligg langs Eide natur- og kultursti og blir ein del av denne. Kulturstien kan og utvidast slik at ein får fram ferdelsåra innover til Breim, og det kan utviklast fleire kulturstiar kring om i heile kommunen. Desse kan opplevast enten ved vandringar eller rideturar kor både natur og historie formidlast og opplevast på vegen.

Hotella og fleire overnattingstilbod har ein historisk profil og legg stor vekt på tilbod av denne art. Gloppen Hotell jobbar no meir aktivt opp mot cruisebåt- trafikken, og ser dette tilbodet som eit godt bidrag til å trekkje denne kundegruppa til kommunen. Vi har og to Campingplassar som har symjebasseng, noko som aukar trafikk av familiar. Prosjektet vil difor ha fordel av å ha ein barnevennleg profil.

Dei arkeologiske funnet passar difor godt inn i kommunen sin turistprofil og bidreg til å styrke og utvikle denne. Mona ligg nær ferdelsåra som gå gjennom kommunen og bør nyttast til å få dei tilreisande til å stanse opp her. Vi kan då få ein gunstig plass å informere om tilbodet i resten av området og bygge opp eit tilbod av kulturelle opplevingar som tek folk på turar kring om i heile kommunen og til større *kulturelle rundreiser* i regionen.

7. LOKAL FORANKRING

- *Gloppen kommune* har allereie investert i prosjektet ved å kjøpe tomte og omregulere den til kulturformål. Dette på bakgrunn av funnets kvalitet og eit sterkt lokalt engasjement.

- *Nordfjord Folkemuseum* er ei sentral brikke. Her har ein eit fagmiljø som ein kan få vidareutvikle og styrke. Lokala dei har kan ta i mot utstillingar, då dei har magasiner for oppbevaring og brannsikring. Dei har også kunnskapar på handverksområder som kan nyttast i prosjektet. Dette vere produksjon av tjøre, bruk av smie eller fagpersonale til vedlikehald av bygningar og utstillingar. Ein kan og samarbeide om guiding, sal av produkt, leige av fagpersonar, utstillingar og seminar.

- *Gloppen Eventyret* er på trappene og kan bli ein kanal for marknadsføring og samarbeid med andre tilbod i kommunen. Dermed kan vi velje mellom å bygge opp eit eige apparat på dette feltet eller nytte Gloppeeventyret fullt ut. GN-reiseliv er positive til prosjektet då det passar godt inn i den profilen Gloppen har i reiselivssamanheng. Dei er opptekne av at ein legg god fagkunnskap i botnen av prosjektet då dei meiner kvalitet seljer best i det lange løp. Dei ønskjer ikkje "Disney" effekt men autensitet.

- *Sogelaget* er eit aktivt miljø som vil vere ein pådrivar til vidareutvikling av dei historiske verdiane vi har både ved desse arkeologiske funna og elles i kommunen. Dei har idear og kunnskap til å utarbeide historiske opplevingar, samt være ein stad for å rekruttere gode guidar og historieforteljarar.

- *Dugnad* er eit viktig element for å få finansiert ei formidling. Den vil og få mykje å sei for drift og vedlikehald når anlegget er opp å går. Mange aktivitetar og arrangement blir avhengige av denne gjengen. Den interessa og aktiviteten eldsjelene legg for dagen er unik og ein av hovudgrunnane til at dette prosjektet har kome i gang.

8. UTBYGGINGSALTERNATIV

Grunnkostnader med felles veg, parkering og tomtkjøp vil være tilnærma lik for alle alternativa. Ein kan og rekne eit slingringsmonn på +/- 20 % i kostnadsoverslaga.

Det arkeologiske funnet ligg i dag ved asfaltert veg, integrert i Eide- natur og kultursti. Tomta grensar både mot industriområde, bustadområde og tomte til planlagt kyrkjebygg. Men husfasaden vender mot friluftsområdet Langisane og planting av vegetasjon vil dempe kontrastane til resterande omgjevnader.

Å legge formidlinga til den opprinnelege funnstaden gjev ei heilskapleg framstilling av grava, ferdelsåra og garden slik dei låg i folkevandringstida. Det gjev ei unik ramme og eit historisk sus som veg opp mot dei endra omgjevnadene frå den tid til i dag.

Parkanlegg

Opparbeiding av parkanlegg kring funna etter Eidehovdingen sin gard. Fagleg sett er dette alternativet interessant i og med at ein framviser det materialet ein arkeolog finn og kva det fortel oss. Arbeidet med denne parken kan vidareførast til andre funn kring om i kommunen med stiar, rekonstruksjonar og markeringar av funn.

Utstillingar saman med nokre av dei andre aktivitetane kan ein legge til Nordfjord folkemuseum. Anlegget kan nyttast i undervisning i skulen og det kan arrangerast Jernalderdagar, friluftsteater og marknadsdagar.

Vi får ein ny attraksjon å vise lokalbefolkning og tilreisande samtidig som vi får ei synleggjering av industriområdet og dei bedriftene som held til der.

To ulike parkløysingar

1. Etablere eit parkanlegg med benkar, bord og oppslagstavler *i tradisjonell stil*.
2. Etablere ein park kor ein nyttar arkitektur *i tillegg til* det arkeologiske og historiske som ligg til grunn.

Tradisjonell park

Det første alternativet er det folk vil forvente seg av eit slikt tilbod. Den er informativ og viser det materialet vi tolkar fortida ut i frå. Plansjar og modellar kan setjast opp for å vise byggeteknikkar, gardsdrift med meir. Dei arkeologiske funna markerast i bakken. Dette for å gje ei forståing av funna ein arkeolog gjer og kva dette seier oss:

- Omriss av gardshusa markerast i terrenget, så likt det arkeologen fann som mogeleg.
- Kokegropene markerast både opne og som om dei var i bruk.
- Gjerda som leia dyra ut til beiteområda markerast eller setjast opp.
- Terrenget kor åkrane har våre leggst med naturleg vegetasjon. Dette for å behalde høgdeforskjellen mellom dagens lag (åkerområde) og funnlaget (det som er utgreve).
- Grava til Eidehøvdingen rekonstruerast på plansje og setjast opp ved denne posten.

Kostnader, grovkalkyle:

Anlegg:

Plansjar	kr	50.000 - 100.000	
Parkanlegg	”	500.000	→
Parkering, veg, tomtekjøp	”	865.000 - 985.000	
Totalt	kr	1.415.000	→

Utstilling: kr 250.000- 1.000.000

Finansiering:

Gloppen Kommune	kr	800.000	
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	”	800.000	
Lokalt bidrag	”	500.000	→
Norsk kulturråd med fleire	”	400.000	
Totalt	kr	2.500.000	

Drift:

Guiding, utstilling, sal av produkt og andre aktivitetar leggst under Nordfjord Folkemuseum og private aktørar. Vedlikehald under museet eller kommunen.

Perspektivskisse for utbygginga av Sandane Kristne Senter (no Sogn og Fjordane Kristne Senter). Teikning; Aaland Arkitektkontor AS.



Arkitektonisk park

Dette er ein temapark som nyttar moderne materialer for å framvise forhistoria, den vil kun forhalde seg til dei arkeologiske funna og ikkje ileggje nokon element av tolking av desse.

Parken består av stålplater som marker veggane i gardshusa, desse er sett opp fragmentert og i ulike høgdar slik at ein blir seg bevisst usikkerheit kring desse detaljane i bygget.

Informasjonen som leggst inn i stålplater markert i felte med arkeologiske detaljar, gjev den besøkande ei fragmentert oppleving før det kan setjast saman til eit meir heilheitleg bilete. Slik framvisar ein aspektet i arkeologien kor fragmenter setjast saman i eit forsøk på å skaffe informasjon om forhistoria.

Dette forslaget til løysing vil skape debatt både om funnet og måten vi viser det fram på. Ein besøkande ville bli overraska over å møte ein så spesiell framvisning, så det bør skape stor merksemd kring funnet. Fagleg skaper den debatt kring diskusjonen om tolking av forhistoria mellom både arkeologar og arkitektar. Den vil og kunne sette rørsle i dei måtane formiddling ved museer foregår.

Fagleg vil materialet til "minneplatene" utarbeidast av arkeologar.

Kostnader, grovkalkyle:

Anlegg:

kr 2.000.000

Fagarbeid:

Ukjent, arkeolog til timepris ” x

Utstilling:

kr 250.000- 1.000.000

Finansiering:

Gloppen Kommune kr 800.000

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ” 800.000

Lokalt bidrag ” 500.000 →

Norsk kulturråd med fleire ” 400.000

Totalt kr 2.500.000

Drift:

Guiding, utstilling, sal av produkt og andre aktivitetar leggst under Nordfjord Folkemuseum og private aktørar. Vedlikehald under museet eller kommunen.

Senter for folkevandringstida

Eit bygg for formidling av folkevandringstida i området til Gloppen kommune og den Europeiske samanheng vi var ein del av. Utgangspunktet er dei arkeologiske funna etter Eidehøvdingen kor ein har den unike kombinasjonen av gode gravfunn og urøyvd tomt etter gardsanlegget. I tillegg er der gjort fleire andre funn i kommunen, som kan synleggjere fleire nyansar av denne tidsepoken. Senteret kan byggjast opp til å ta på seg *lokale, regionale og nasjonale formidlingsoppgåver* for denne tidsperioden. I tillegg kan ein jobbe næringsretta med utvikling av *kulturopplevingar, ferieopphald og arrangement* kring dette. Der er og gode samarbeidspotensialer mellom *næringsliv og kultur* i utvikling av produkter og samarbeidsprosjekter.

Det satsast på eit høgt fagleg nivå slik at det kan nyttast til:

1. Undervisning for skuleverket
2. Undervisning av arkitekt og arkeologistudentar
3. Etterutdanning for museumstilsette
4. Turistattraksjon
5. Katalysator mellom kultur og næring.

Ein nyttar og styrkjer fagmiljøet på museet ved nært samarbeid med universitet med fleire, dette for å halde høgt nivå på den arkeologiske, historiske og pedagogiske formidlinga av denne tidsperioden.

Der kan nyttast ein kombinasjon av moderne framvisingsmetodar som animerte tredimensjonale modellar og tradisjonell kopiering av gjenstandar. Det skal og leggst opp til deltaking i aktivitetar, serleg retta mot barn og unge. Desse skal vere av ikkje-digital art, men appellere til fantasi og deltaking i ”arkeologisk sandkasse”, rebusløp, lage gjenstandar og klede frå denne perioden, rollespel med meir.

Ein skal ha ein permanent utstilling, samt samarbeide om vandreutstillingar både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Knytt til funna frå denne perioden vil ein få fram nokre

reproduksjonar for sal. Dette vil variere frå små suvenirar til gåveprodukt, men alle skal ha kvalitet i materialbruk og handverk. Produkta skal omsetjast gjennom senteret og museet.

Det er to måtar å løyse dette alternativet på:

1. Reise ein rekonstruert tolking av Eidegarden
2. Byggje eit moderne utstillingslokale.

Rekonstruert framsyning av Eidegarden

Lokale eldsjeler og fagfolk går saman om å gjenreise Eidehøvdingen sitt sete. Hovudhuset eller heile gardsanlegget rekonstruerast for å gje ei tolking av dei arkeologiske funna. Vi har eit veldokumentert funn som gjev eit godt utgangspunkt for å skape eit genuint bygg framfor eit "standardisert jernalderhus". Utstilling blir vist gjennom bygget og interiøret. Aktivitetane får ein atmosfære som harmonerer og inspirerer.



Illustrasjon: Arkikon

Når elden brenn på grua og oljelampene kastar eit mildt lys i hallen, får guiden ein unik atmosfære å formidle historia i. Alle gjenstandane i hallen er kopiar og kan nyttast aktivt i formidlinga. Vi kan både beundre og bruke desse, og såleis få ei oppleving av tidlegare tiders levesett. Gjennom eit rikt tilbud av kurser og opplevingsferiar kan ein og få lage gjenstandar og lære om forhistorien på ein aktiv måte. Ein plass ein reiser til for å omgje seg med nydeleg handverk, vakker bygning og stemning til å la tankane flyte fritt mellom no og då.

Delar av byggmassen kan flyttast litt, slik at ein kan legge det arkeologiske funnet fram i dagen. Dette for å vise og bevisstgjere oss overgangen frå arkeologisk funn til tolkinga av dette. Dersom ein vel å rekonstruere heile anlegget anbefalast det å legge moderne tilpassingar som toalett og kjøkken til fjøsbygget, slik at dette blir ein kulisse. Dermed slepp ein store moderne inngrep i hovudhuset . Her kan ein og legge resepsjon med butikk , kafé, turistinformasjon og tilrettelegging av ferieopphald og arrangement .

Basert på erfaringar frå *Fortidsminnebyen* på Landa og *Vikinggarden* på Avaldsnæs har vi valt å begrense moderne inngrep i byggmassen. Dette ved å legge opp til cateringlevering (til gilder og lukka selskap) frå eksisterande leverandørar, slik at ein unngår utbygging og drift av fullt kjøkken. Anlegget beheld ein fagleg og atmosfæremessig verdi ved at ein slepp store moderne inngrep i bygget. Økonomisk risiko ved drift minkar, og bygget blir rimelegare å bygge. Arbeidet opp mot næringsmiddeltilsyn og brannvern forenklast, med færre krav til bygg og personale. Ein blir då heller ikkje ein konkurrent til lokalt næringsliv men ein samarbeidspartner.


Kostnader heile garden, grovkalkyle:

Anlegg:

Hovudhuset	kr	4.700.000
Uteareal	”	400.000
Fjøsen	”	1.370.000
Interiør	”	750.000
Utstilling	”	750.000
Totalt	kr	7.900.000

Finansiering:

Gloppen kommune	kr	2.000.000
Fylkeskommunen	”	2.000.000
Dugnad/Næringsliv	”	1.100.000
Innovanord, staten og EU	”	2.800.000
Totalt	kr	7.900.000



Illustrasjon: Arkikon.

Drift:

Kostnadene kjem her på minimum 300 000 kr og bør være sjølvfinansierande etter 3 år. Då er der rekna vask, vedlikehald og noko administrasjon. Opningstida er då basert kring hovudsesong på vår sommar og tidleg haust.

Inntektskjeldene er bassert på produksal, billettinntekter (4000 besøkande), arrangement og utstillingar samt dugnad. Her ligg eit godt potensiale for prosjektarbeider på regionalt til europeisk nivå. Guiding og vedlikehald i samarbeid med museet. Eigne tilsette så snart dette er mogeleg. Då er det mogeleg å byggje opp eit samarbeid med andre kulturtilbod om feriepakkjar og rundreiser. Dette både lokalt og regionalt.



Illustrasjon: Arkikon.



Illustrasjoner: Arkikon

Eidegarden vist gjennom moderne utstillingslokaler

Bygget vil inneha element av byggeteknikkar og materiale frå denne perioden, i kombinasjon med moderne arkitektur og materiale. Bygget bør bli ein attraksjon i seg sjølv. I eit slikt bygg står ein fritt til å velje formidlingsmedium, då ein ikkje treng å ta omsyn til atmosfæren i eit rekonstruert bygg. Dette kan bli eit bygg som kler inne dei arkeologiske funna slik att desse blir synlege i golvet. Dermed får vi vist dei fram, og samtidig lettar bevaringa av dei.

For å gjere vurderingar kring dette med utbygging av eit senter, tek ein utgangspunkt frå anlegg og prosjekter i regionen.

Skal vi byggje eit senter vil det koste alt frå 13 mill til 20 mill. Besøktala må ligge på 10 000 til 30 000 alt etter kor god finansiering vi skaffar oss og kva driftsnivå vi legg oss på. Dette er minimum ein tredobling av det vi har i området i dag.

Turiststraumen går på indre strøk over fjellet til Stryn og breane. Gloppen Hotell satsar på å nå cruisebåt- gruppa, så vi kan inngå samarbeider med dei. Dei meiner og at denne trafikken er aukande og dermed treng fleire attraksjonar å sende folk til. Dernest er der nye trafikkårer som vil gjere Gloppen meir tilgjengeleg for denne trafikken.

Utstillingar i denne type konsept er avhengige av kontinuerleg utvikling og krev ressursar både økonomisk og personalmessig. Finansiering av dette blir gjennom driftsoverskot, støtte frå ulike offentlege instansar, EU – midlar og eventuell sponning. Utstillinga her kjem nok på kr 1- 3 000 000.

9. ORGANISASJONSFORM

Dersom parkalternativ leggast det under Nordfjord Folkemuseum i samarbeid med Gloppen kommune.

Dersom byggalternativ treng ein større organisering for driftssida. Her anbefalar ein Ideell Stifting eller Kommunalt A/S med eit styre beståande av fagperonar innan kultur og aktørar frå Næringslivet. Politisk organ som generalforsamling dersom kommunalt A/S.

Start med felles guiding med museet, så snart der er grunnlag for det lagar ein faste stillingar, før dette leiger ein inn etter behov. Fleksibel arbeidsstokk som har eigarforhold til prosjektet.

10. FRAMDRIFTSPLAN

Fram til oktober 2005:

Finansiering av hovudprosjekt (rekonstruksjon). Søknad om byggetillatelse.

Dette forutset at ein arbeidar med prosjektet undervegs, og ut i frå dette lagar ein detaljert plan over anlegget og framdrifta.

Kartskisse over området i Mona:



11. VEDLEGG

A. Uttalar frå

- Universitetet i Oslo
- Uuniversitetet i Bergen
- Arkeologisk museum i Stavanger
- Gloppen Næringsorganisasjon, Reiselivsgruppa

B. Innhald og aktivitetsoversikt

C. Delprosjekt

D. Organisasjonsformer

E. Prosjektlear si utgreiing til styret

A: UTTALAR:

**UNIVERSITETET
I OSLO**

**INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, KONSTHISTORIE OG
KONSERVERING**

Avdeling for arkeologi

Postboks 1019

0315 Oslo

Til:

Prosjektleder Eidegården
Leela Kjørvik
Gloppen Kommune

Blindernveien 11

Telefon: +47 22 84 19 36

Telefaks: +47 22 84 19 01

E-post: lotte.hedeager@iakk.uio.no

Dato: .

24.marts 2004

Ang. Eidegården

Arkeolog Søren Diinhoff, Bergen Museum, har bedt mig vurdere udgravningerne ved Eide, Gloppen kommune. Jeg har ikke selv været på stedet og har derfor ikke kundskab om de lokale forhold. Flere artikler om Eide og de arkæologiske undersøgelser i området giver imidlertid et ganske godt indtryk af stedet, udgravningerne og deres potentiale, videnskabeligt som formidlingsmæssigt.

Hvad der i særlig grad gør Eidekomplekset interessant er ikke blot størrelsen på hallen (som er imponerende), men det samlede kompleks bestående af et helt gårdsanlæg med åkre, geil, græsningsarealer, kogegruber etc. Herved får vi illustreret den samlede økonomiske enhed, som udgjordes af en stor gård på Vestlandet i 400- og 500-tallet.

Imidlertid er gravene i området med til at perspektivere den udgravede gårdsstruktur yderligere og gøre projektet unikt. Selv med alle de forbehold, som enhver kildekritisk arkæolog nødvendigvis må omfatte sine tolkninger med, kan der næppe herske tvivl om, at den rige grav fra Evebø-Eide har en direkte relation til gården. Med andre ord – den mand, som engang mellem 450 og 550 blev begravet her, har med allerstørste sandsynligvis også været herre til gården (dvs. han har været hal-ejer). Forskningsmæssigt kobles to elitære miljøer her sammen på en unik måde. På den ene side har vi et øjebliksbillede af stormanden på Eide, med det rige udstyr fra nær og fjern som definerede hans position, på den anden side har vi den gård, som var hans økonomiske basis og sociale forankring.

Forskningsmæssigt som formidlingsmæssigt findes her et stort potentiale. En rekonstruktion af gården, hvis dette beslattes, bør efter min mening omfatte hele den økonomiske enhed med åkrem geil etc., hvis dette er muligt. I udstillingsform (på Nordfjord Folkemuseum), i plancheform (på stedet) eller som videoudstilling, bør gården og dens ejer sættes ind i en større sammenhæng, ikke blot i det rige krigermiljø fra skandinavisk folkevandringstid, illustreret gennem bl.a Beowulf-digtet, men også i en lokal sammenhæng, hvor andre fund og udgravninger perspektiverer den sociale differentiering, som allerede var udtalt i folkevandringstiden.

Med venlig hilsen
Lotte Hedeager
Professor, dr.phil.

Frå Universitetet i Bergen:

1

GÅRDSANLEGG PÅ EIDE, GLOPPEN, FRA FOLKEVANDRINGSTID

På Eide er undersøkt et gårdsanlegg fra folkevandringstid (400–550/75 e.Kr). Det omfatter to hus som lå parallelt, det ene 43 meter langt og 8 meter bredt, det andre er 24 meter langt og 7 meter bredt. De to bygningene omkranset tunet på to sider. Det har vært et gjerde mellom de husene ved sydgavlene. En åpning i gjerdet førte ut til et område med mange kokegroper. Dette gårdsanlegget merker seg ut på flere måter:

For det første har anlegget en annen planløsning enn det som var vanlig i folkevandringstiden. På nærmest alle gårder pleide langhuset å romme en boligdel i den ene enden og ha et rom for husdyrene (fjøs) i den andre enden. Dette er ikke tilfelle for gårdsanlegget på Eide. Her har det 43 meter lange huset kun fungert som bolig, mens det 24 meter lange huset har vært fjøs. En slik funksjonsdeling kjennes riktignok enkelte steder i Skandinavia, men da kun på gårder som var sete for høvdingmakt.

For det *andre* er bolighuset på Eide hele 43 meter langt, noe som tilsier et langt større hus enn det som fantes på ordinære gårder. Dette er desto tydeligere siden dette langhuset ikke har hatt fjøs i den ene enden. Størrelsen og volumet på bygningsmassen (512 kvm) plasserer anlegget på Eidet blant de største gårdsanleggene en kjenner i dag.


For det *tredje* har utgravningen gitt mange opplysninger om huskonstruksjon. I bolighuset kan storparten av veggen følges. Opplysningene om vegg-grøfter der det har ligget en syllstokk hvor veggpanelene har vært satt ned i en fals, er bare unntaksvis dokumentert ved utgravninger. Observasjonene fra Eide vil være sentrale for arbeid med rekonstruksjon av gårdsanlegg fra folkevandringstiden.

For det *fjerde* kan gårdsanlegget på Eide med meget stor sannsynlighet knyttes til den kjente mannsgraven, som går under navnet Ebebøhøvdingen. Den gravlagte har fått med seg et rikt og variert gravgods som knytter ham til det øverste sosiale sjikt på sent 400-tall. Gullmynten, som han bar om halsen, vekt og vektlodd og ikke minst drakten (som har latt seg rekonstruere) vitner om uvanlig høy sosial posisjon. Både gjenstandsfunn fra gårdsanlegget og radiologiske dateringer tyder på at denne mannen har levd da huset var i bruk. Det er rimelig å anta at han har ledet gård og hushold og at han har vært en høvding/ småkonge. Det er naturlig å knytte mannens posisjon til det faktum at hovedhuset på gården også har fungert som en hall. Høvdingen/ småkongen forente både verdslige og sakrale maktfunksjoner, og han ledet fester og seremonier av både verdslig og religiøs art i hallen på egen gård.

De mange *kokegroper* som er funnet like utenfor tunområdet støtter opp om en slik tolkning. Kokegroper er gjerne knyttet til steder der mange mennesker tidvis var samlet, det være seg til tingsamling, religiøse eller verdslige fester.

Samlet fremstår resultatene fra utgravningen på Eide som meget interessante. Tidligere har en – med unntak av et funn fra Veien nær Tyrifjorden – ikke funnet hus/gårdsanlegg fra denne perioden som så direkte kan knyttes til graver av personer fra det øverste sosiale sjikt.

Bergen, 24. mars 2004


Bergljot Solberg
Professor

Frå Arkeologisk Museum i Stavanger:

Vurdering av gårdsanlegget på Eide i Gloppen

Undertegnede var på befaring på gårdsanlegget på Eide i Gloppen våren 2001, og har i ettertid hatt tilgang til skriftlig materiale om undersøkelsen fra utgraveren, Søren Diinhoff.

De framgravde sporene på Eide utgjør et usedvanlig vel bevart gårdsanlegg fra folkevandringstid. Det gir gode muligheter for å få fram ganske sikre tolkninger av husenes konstruksjon. De to parallelle husene danner et gårdsanlegg av samme type som er vel kjent i sørvest-Norge, men som så langt ikke synes å være tilsvarende vanlig lenger nordover på Vestlandet. De to store gårdshusene, med en boligflate på over 500 m², vitner om en gård ut over den vanlige bondegårdsbebyggelse. Hovedbygningen på hele 43 x 8 m, og som bare er benyttet som bolig for mennesker samt viktige håndverksaktiviteter, representerer et usedvanlig konsept for denne tiden, hvor det vanlige er at fjøset for storfe plasseres i samme bygning som boligområdet for menneskene. Organiseringen med en egen bygning for oppstalling av kveget er så langt enestående i vestnorsk materiale fra folkevandringstid. Dette tyder på at beboerne på denne gården hadde behov for å skille primærnærings daglige virksomhet fra de aktiviteter (rådslagninger, kontraktsinngåelser, religiøse seremonier, fester og lignende) som foregikk i hovedbygningen.

Det kommer altså fram et bilde av en gård som i det norske materialet er uten direkte paralleller. Tilsvarende store gårdshus er ofte knyttet til kjente storgårder. Aure i Sykkylven er et nærliggende eksempel, Bertnem i Namdalen et annet. Noen eksempler finnes også på Østlandet (Åker på Hedemarken og Veien i Buskerud, og i Rogaland finnes et like store gårdsanlegg på Forsand, Hundvåg og Gausel).

Det som imidlertid gjør anlegget på Eide unikt, er muligheten til å kople sammen gården med en stormannsgrav i nærmiljøet (Evebø-graven). Det kan neppe være tvil om at Evebø-høvdingen har bodd i husene på Eide. Muligheten til å kunne formidle hvordan en stormann, med alt sitt flotte utstyr, faktisk har hatt sine fysiske omgivelser, er svært spennende perspektiver, som det neppe er mulig å finne maken til så langt i Norge.

Stavanger 2004-04-01

Trond Løken

1 amanuensis
Arkeologisk museum i Stavanger
Boks 478
4002 Stavanger

Frå Gloppen Næringsorganisasjon - reiselivsgruppa:

GN-Reiseliv
6823 Sandane

Prosjekt for Eidehøvdingen
V/Leela Anita Kjørvik
6823 Sandane

GN-Reiseliv har diskutert prosjektet for Eidehøvdingen.

Vi er av den oppfatning at skal prosjektet for Eidehøvdingen ha reell betydning og interesse for reiselivsnæringa, må det byggjast bygningar i full skala, med eit miljø og aktivitet som gjev dei besøkande ei føling av å vere tilbake i tida då Eidehøvdingen levde. Dette betyr kommersiell drift i ei eller annan form.

Vi veit at andre slike prosjekt har lukkast enkelte stader og mislukkast andre. Vi veit at eit slikt opplegg må marknadsførast, og at marknadsføring er dyrt dersom ein skal ha tilstrekkeleg effekt, men dersom (eller når) vi no får Gloppen Eventyret opp å gå, vil det vere høve til å presentere Eidehøvdingen gjennom dette systemet, i tillegg til kulturhistorisk presentasjon gjennom Nordfjord Folkemuseum, og då vil kostnaden truleg vere overkomeleg.

Vi ynskjer lukke til med arbeidet og meiner at dette vil ha betydning for reiselivsnæringa dersom det får ei utforming med miljø g aktivitet som gjer dette interessant for turistar og andre vanlege folk.

Byrkjelo 15 01 2004

Med helsing
GN-Reiseliv

Aase Moldestad
Aase Moldestad
-Sekretær-

B. INNHALD OG AKTIVITETAR:

Utstillingar:

Utstillingar kring ulike temaer som spenner frå byggeteknikkar til samfunnsstruktur i folkevandringstida. Her er der potensiale for europeisk samarbeid.

Foredrag:

Foredrag kring utstillingstema, samt arkitektur, arkeologi og møtet mellom kultur og næring.

Kurs:

Lage kurs i ulike handverksteknikkar, historie, matlaging, guiding med meir.

Salsprodukt:

Produsere reproduksjonar av gjenstandar frå folkevandringstida. Samt nye produkt og design som let seg inspirere av fortida.

Arrangement:

Arrangere Jernalderdagar med aktivitetar og rollepel frå denne tidsperioden, samt Gilder med forhistorisk meny og historieforteljing. Legge opp ferieopphald med base i anlegget kor ein nyttar kultur og naturopplevingar i heile kommunen.

Dette kan skje i følgjande former:

- Leirskule: Formidling av handverkstradisjonar og levesett frå folkevandringstida. Kan kombinerast med andre natur og kulturopplevingar i kommunen.
- Jernalderdagar: Dagar kor ein levandegjer livet i denne tidsperioden. Der er fok som utfører arbeid og aktivitetar i tidsrette klede og med reiskap og materiale som tilsvarar det dei hadde på den tida. Der er marknad med sal av produkter og mat, og ulike aktivitetar dei besøkande kan delta i.
- Bursdagselskap: Ungane får tidsrette kle frå folkevandringstida og aktivitetar av ulikt slag. Ein populær måte å feire bursdagen sin på kor dei både får lære og leike. Etter ide frå Arkeologisk museum i Stavanger.
- Kulturelle skulesekken: At skulen kan nytte anlegget i sin undervisning. Her kan ein femne fleire områder, historie, handverk, arkeologi, teater/rollespel med meir.
- Opplevelsesferie: Kan innehalde alt frå fullt opphald med overnatting, og dags arrangement. Kan til rette leggst barn, heile familiar, eller spesifikke grupper som aleineforeldre, lag og organisasjonar.
- Grøn omsorg mm.: Knytt opp mot fylkeskommunen og kommunen. Barnevernsarbeid og tilbod til personar som treng tilrettelagt arbeidstrening.

C. DELPROSJEKT:

Eidehøvdingen si drakt

Tekstilfunna frå grava til Eidehøvdingen er eit materiale som det burde gjerast eit spennande prosjekt kring. Dette kan utførast på ulike felt:

- **Få samla informasjon og diskusjonar kring drakta si utsjånad og tyding til eit spennande bokverk og utstillingsmateriale.**

Dette spanner om både tekstilar og mønster og kva dette seier om handverksteknikkar i tidlege tider, men og tydinga vi kan legge i desse. Folkevandringstida er i brytinga mellom kristendom og norrøn tru og det diskuterast om dette viser igjen i symbolikken i motiva på klesdrakter. Draktene kan og sei noko om posisjonen til den som bar dei, og kva inspirasjonar og kontaktar det har vore med andre kulturar og handelsområder.

- **Få utført ein rekonstruksjon av drakta for utstilling.**

Her har ein allereie erfaring frå produksjonen av folkevandringsdrakt på Historisk museum i Oslo. Det er brikkebanda på kappen som gjer reproduksjonen så kostbar. Drakta i Oslo kom på ca 70 000 kr i arbeid og materiale for tunika, bukse og kappe med innslag frå Eivebøfunna, då er ikkje forskingsarbeid rekna med.

Dette kan utførast som skuleprosjekt under leiing av Lise Bender Jørgensen som kanskje kan minske utgiftene noko. Elles er dette eit prosjekt med Nordisk og Europeisk dimensjon som det kan søkjast støtte til.

- **Teste ut om teknikkane kan overførast til meir maskinell produksjon.**

Dette for å lage kopiar av tekstilfunna og utvikle nye produkter. Her kan ein og sjå på ullkvalitet og spinneteknikkar i samarbeid med ull-industrien.

Samarbeid med fagmiljø og "Myklebust Kunst og Handtverk". Dette kan og knytast opp til arbeidet med ein rekonstruksjon.

- **Skape fagmateriale for å lage kurs i spinning og farging av ull, veving og mønsterkunnskap.**

Lage kurstilbod både for publikum og fagfolk. Slik kan ein og opparbeide seg fine utstillingsobjekt og interiør dersom ein utfører ein rekonstruksjon eller ønskjer å lage ein utstilling på museet.

Samarbeid mellom fagmiljø og Karins Vevstudio.

- **Skape møteplass for gamle tradisjonar og moderne tolkingar.**

Her har ein allereie vore i kontakt med dei lokale klesdesignerane "Moods of Norway" frå Stryn. Dei nyttar gamle mønster og element frå klestradisjonar i Noreg inn i sine moderne kleskoleksjonar for menn. Ein håpar på resultatet frå dette samarbeidet når deira neste kolleksjon lanserast i februar 2005. Samarbeidet har allereie resultert i innslag på vestlandsrevyen og heilsides oppslag i Bergens Tidende.

Skikkelig retro



FORMIDLER HISTORIE: Designer Simen Stålnacke fra Moods of Norway studerer historien om Eide høvdingen Samreins med prospektleder Leela Kjørvik. – Vi vil formidle norsk historie gjennom klame våre, sier han.



TAR DEN HEILT UT: Trendsetter anno 2005, Moods of Norway tar retromoten heilt ut og gjer Eidehovdingen til den viktigste inspirasjonskilden for sin neste kolleksjon.

Illustrasjon: Leela Kjørvik

Det er ikke mange forunt å være trendsetter 1500 år etter sin levetid. Men hvis du er høvding på Sandane, kan du fort bli en viktig inspirasjonskilde for trendy herrer anno 2005.

– 1500 år er jo ganske retro, konstaterer designer Simen Stålnacke i Moods of Norway. Han har besøkt Eidehovdingen fra Eide på Sandane og latt seg inspirere av de sjeldne dyrebrotene på den kaminne Åda drakten hans. Da høvdingens grav ble funnet under arkeologiske utgravninger på Åda-bålet, var han drakten som i dag er regnet som et av Nord-Europas beste tekstilfunn fra folklevandingstiden fra cirka 450 til 575 e.Kr. For fire år siden så også gården hans dagens lys igjen, og i dag er han den direkte inspirasjonskilden til neste vårs herremoter. – Det er aldri gjort et liknende tekstilfunn andre steder. Blant annet har vi funnet rester av veide bånd med små dyrefigurer på, sier Leela Kjørvik, som er leder for et formidlingsprosjekt for de gjeldne arkeologiske funnene på Eide.

En god livsnyter

Da Kjørvik leste en avisartikkel om herredesignerene Moods of Norway fra Stryn, var hun ikke i tvil om at høvdingen ville være den perfekte muse for deres neste kolleksjon. Designerne har nemlig gjort norske klestradisjoner til sitt varemerke og bruker både bunadsbånd og stankirke-mønstre som utgangspunkt for sin ellers urbane design. – Måten Moods of Norway jobber med tekstiler på er spennende. De kopierer ikke, men bruker tradisjonen på sin egen måte. Endelig har vi fått moder-

ne ungdomsklær som har røtter i vår egen tradisjon og historie, sier Kjørvik. Hun tok kontakt, og snart var Moods of Norway på plass ved høvdingens grav. – Han var en god, hederlig høvding med en stor, fin gård og pene klær i fine farger. Sannsynligvis en god livsnyter, vurderer Stålnacke og karakteriserer høvdingen som den perfekte representant for merkets linje av toddialklær.

Verdenskjent

Bek det som i dag kan tolkes som mønstre av bjørn, fisk og fugl på de veide båndene, ligger et miljøvennlig rekonstruksjonsarbeid. – De forseggjorte broderiene er figurative og morsomt utformet, noe som vi kan bruke som utgangspunkt for våre egne broderier på skjorter og dresser. Dessuten går drakten i jordfarger, rødt og lilla, og det er jo veldig trendy om dagen, sier Stålnacke, som allerede er i gang med å konstruere sin egen versjon av høvdingens broderier. Mønstret skal brukes som utgangspunkt for trykk på T-skjorter, som broderi på klærne eller som trykk på et helt eget stoff. Hva som blir det endelige resultatet av turen til Eide, vil bare en tur i utvalgte herrebutikker til neste vår avdekke. Alle klærne til Moods of Norway selges med en merkelapp som forteller historien bak plagget. Med utsalgssteder i Norge, Sverige, London, Paris, Sicilia og De forente arabiske emirater, risikerer Eidehovdingen å bli verdenskjent en eller annen gang utpå neste vår.

TEKST: HEGE HAMMERSLAND
FOTO: KARE TOMNING

Keramikk frå folkevandringstida

I samarbeid med Åse Skrivervik har vi utvikla eit heilheitleg konsept med både produkter og tenestetilbod. Med sin profesjonelle bakgrunn kan ho utføre reproduksjonar av keramikk frå folkevandringstida i samarbeid med arkeolog/konservator og lære vidare desse handverksteknikkane gjennom kurstilbod.

Ein får laga gjenstandar til utstillingar og arrangement, samtidig som kurstilbod kan nyttast av private, skuleverket gjennom den kulturelle skulesekken og kulturskulen. Det vil og bli eit prosjekt kor ein kan nytte dette som ein del av norskopplæringa for gruppa med kvinner som har kome hit til Gloppen. Dette vil ta utgangspunkt i å lære om forhistorisk keramikk og så gå over i å lage sine egne design. Eit spennande utgangspunkt for ein utstilling kor ein har dynamikk mellom ulike kulturar, individ og historiske tidsperiodar.

D. FORMELLE ORGANISASJONSFORMER

Den formelle organisasjonsforma må vurderast i forhold til dei konkrete verksemder. For dette prosjektet vil det være forskjell på sjølve hovuddrifta og eventuelle aktivitetar i tilknytning til denne.

Arbeidsgjevaravgifta forventast enten å utgå heilt eller bli einsarta for hele Noreg.

Stifting:

Denne forma som kallast *ideell stifting* nyttast av mange organisasjonar. Fleire kunstforeningar, turistforeningar, organisasjonar og lag bruker denne forma. Utgangspunktet er at organisasjonane har såkalla ideelle ikkje - økonomiske formål, f.eks. å gje fleire moglegheiter til kunstopplevingar, deltaking i idrettsaktivitetar o.l.

Denne organisasjonsforma inneber følgjande krav;

- egne vedtekter med ideelt formål
- eige styre
- registrering hos fylkesmannen
- engasjement av egen revisor
- minst [kr.50.000](#) i verdier
- arbeidsgjevaravgift svarast [etter kr. 50.000.](#)
- meirverdiavgift etter kr. 50.000.

Forma inneber dessutan rett til skattefritak for inntekter opp til kr. 75.000. I somme tilfelle er drifta heilt unntatt skatt på inntekt og formue. Dette blir vurdert av likningskontoret på bakgrunn av vedtekter i stiftinga. Dette betyr at stiftinga kan ha inntekter som kan delfinansiere drifta utan å skattleggjast for denne. Formen brukast likevel i tilfelle kor formålet ikkje er å drive regulær næringsverksemd. Stifting er dessutan såkalla sjøiveigande. I vedtektene bør det difor leggjast inn bestemmelsar om overføring av verdier til for eksempel Gloppen kommune ved oppløysning.

Stiftinga er sjølvansvarleg i tillegg til styremedlemmene sitt eige ansvar.

Denne organisasjonsforma kan nyttast på sjølve hovudprosjektet: Stiftinga Eidegarden.

Aksjeselskap:

Formen nyttast når der er løpande inntekter i næringsverksemd. Den gjev moglegheiter etter aksjeloven for ulik disponering av overskot. Det er ikkje tilsvarende skattefridomsgranse.

Følgjande krav gjeld;

- egne vedtekter med forretningsidé
- eige styre
- dagleg leiar
- registrering i Brønnøysundregistra (avgift)
- minimum kr. 100.000 i aksjekapital
- eigen revisor
- pålagt rekneskapsplikt
- meirverdi svares og gjev rett til frådrag
- arbeidsgivaravgift

Utan vesentlege inntekter blir formen uhensiktsmessig og relativt dyr. Ansvar er avgrensa til aksjekapitalen. Styremedlemmene har personleg ansvar for sine beslutningar.

Enkeltmannsføretak:

For dei som ønskjer å drive aktivitetar med eigne tilbod i tilknytning til Eidegarden kan dei gjere dette i forma enkeltmannsføretak. Krava er følgjande;

- registrering i Brønnøysundregistra (friteke avgift)
- er sjølv dagleg leiar
- ikkje rekneskapsplikt men må føre regnskap
- ikkje revisorkrav
- ikkje krav om ege styre
- ikkje krav til egenkapital
- ikkje arbeidsgivaravgift for din arbeidsinnsats
- fritak for meirverdiavgift under en viss grense (ca 30.000)

Dersom f.eks. ein ønskjer å lage keramikkjenstander som selgast i Eidegarden kan dette være ei rett form. Vedkommande har sjølv ubegrensa ansvar og svarer sjølv for sin egen næringsdrift. Med eit sett av ulike aktivitetar kan fleire enkeltmannsføretak tilknyttast drifta av Eidegarden.

Uansett stiftelse eller aksjeselskap kan ein tilknytte seg personar som driv enkeltmannsføretak.

Vurdering:

Formen ideell stifting anbefalast for egedomen og drift opp til summen for fri skatt, eventuelt formulera ein ideell profil med skattefritak. Resten skjer i samarbeid med eit kommunalt A/S og sjølvstendige bedrifter. At stiftelsen har et ideelt formål kan styrke mogeleghetene til å søke eksterne midlar. Egedomen leggst til stiftinga med vedtekter som sikrar tilbakegang til kommunen ved eventuell oppløysing. Kommunen vil da være formelt adskilt frå Stiftelsen Eidegarden, samtidig som egedomen er sikra og adskilt frå drift.

Kommunalt A/S:

For dei aktivitetar som kjem i tilknytning til Eidegarden og er lønnsame, kan denne forma vurderast:

- Kan halde eit tydelegare skilje mellom historisk formidling og meir kommersielle arrangement.
- At A/S'et er kommunalt gjev ei sikring av at drifta leggst opp etter intensjonane. Samtidig som as gjer det attraktivt for næringslivet å delta.

Politisk organ sit som generalforsamling ved eit kommunalt A/S, ved begge desse selskapsformene krev eit styre, dette blir beståande av fagpersonar innan kultur og aktørar i næringslivet.

Start med felles guiding med museet. Så snart der er grunnlag for det lagar ein faste stillingar, før dette leiger ein inn etter behov. Fleksibel arbeidsstokk som har eigarforhold til prosjektet.

F. PROSJEKTLIAR SI UTGREIING TIL STYRET

EIDEGARDEN

SAK: Anbefaling frå styret om val av utbyggingsalternativ for dei arkeologiske funna av gardsanlegg frå folkevandringstida.

Der er no fire alternative løysingar som styret er vel kjende med frå tidlegare presentasjonar. Tiltrådinga byggjer på prosjektskisse punkt 7. Utbyggingsalternativ. Gloppen kommunestyre sak 085/00 gav styret mandat til å lage eit prosjekt for ein formidling av gardsanlegget i Mona. Området er frigjeve for utbygging og er i reguleringsplanen lagt ut til kulturføremål.

Her skal vi gjere ei vurderinga av:

- Kva alternativ vi vil anbefale, eventuelt setje opp ei prioritert liste.
- Skal det leggjast inn ei stegvis utbygging eller ikkje.

Prosjektleiars vurdering av dei ulike alternativa

Generelt

Utan realistiske driftsinntekter bør det ikkje være lån på anlegget, slik at ein har renter å dekke. Skaff fullfinansiering og sats heller på å bli sjølvstendige på driftssida. Innovasjon Noreg har kritisert oppbygging av for store og ulønnsame turistprosjekt kring om i landet, eit råd og ta med på vegen.

Grunnkostnader på tomtekjøp, veg og parkering er likt for alle alternativa. Der er moglegeheit for samarbeid med Sandane Kristne Senter om felles utnytting av kjøkken og toalett i tillegg til avtalen om veg og parkering.

Faggruppa tilrår følgjande:

1. Ikkje bygg ting opp gradvis då dette fort stansar halvveges. Dette blir lett ei utvatning av eit prosjekt og vil minske tyngde og målretting i arbeidet.
2. Avgjer kva ein vil, og sørg for full finansiering før ein set i gang.
3. Ein bør sjå det som eit formidlingsprosjekt, og ikkje basere seg på andre oppgover tillagt frå universitetsmiljøet.

Besøktal:

Når vi så veit at der er kring 2000- 4000 besøkande på Nordfjord folkemuseum og andre attraksjonar i Nordfjord synes eg vi skal estimere besøktala til det same ved parkalternativ og mellom 4000 til 10 000 personar dersom byggealternativ. Dette bekreftar erfaringar frå andre anlegg kring om i landet. Ein må ikkje ha ei naiv tru på at ein utan vidare kan skape ein stor turistattraksjon av eit slikt anlegg, men at det er eit ledd i det å gjere området attraktivt. Det er no eingong slik at vi ligg utanom hovudstraumen av turistar og er avhengige av å satse på noko som tåler varierende sesongar.

Senter

I moderne utstillingslokale:

Økonomi:

13 –20 millionar i byggekostnader. Avgrensa mogelegheit for dugnad. Må sannsynlegvis lånefinansierast. Dyr utstilling som kontinuerleg må endrast. Nasjonalparkmuseet i Stryn er eit samanliknbart senter og dei lyt ha 30 000 besøkande for å ha ei forsvarleg drift.

Bruksområde/fagleg:

Utstillingslokale for permanente utstilligar frå folkevandringstida , kontor, butikk og kafé. Bergen museum ynskjer primæret ikkje flytte ut utstillingar av originale gjenstandar frå funn, så ein må basere seg på utstillingar av kopiar, bilete og multimedia. Oppgåver ein blir tillagt vil sannsynlegvis bli reine formidlingsoppover.

Drift:

Dette må lånefinansierast, der blir dermed renter å dekke inn på drifta. Eit senter vil og ha eit større krav til å ha fast tilsette og gjev ikkje økonomisk spelrom til å bygge opp aktiviteten gradvis. Bygget vil og gje nærast identisk tilbod som Nordfjord Folkemuseum når det gjeld utleige og bruk av lokaler.

Rekonstruksjon:

Eit godt alternativ til å setje opp eit senter med moderne formidlingslokale, er å gjenreise ein tolking av garden til Eidehøvdingen. Dette anlegget vil kunne utfylle funksjonane i eit senter og skilje seg ut frå den einsretta senteratsinga elles i fylket.

Økonomi:

Ein rekonstruksjon blir ikkje dyrare byggmessig, sannsynlegvis nokre millionar billegare totalt 6-8 millionar etter våre kalkulasjonar. På "Veien" har dei rekonstruert eit slikt hus med fullt moderne kjøkken, og nytta byggefirma til jobben, dei kom opp i 11 millionar. Vi planlegg ikkje eit fullt utrusta kjøkken og vi har eit stort potensiale for dugnad. Når det gjeld finansiering har vi like mange moegelege partnarar i det offentlege som ved eit moderne senter, frå næringslivet vil vi sannsynlegvis ha fleire.

Bruksområde/fagleg:

Dette alternativet gjev perfekte lokale for utstillingar av reproduksjonar av gjenstandar. I tillegg til det historiske vil ein her får ein atmosfære som ramme for fagleg formidling av både historie, arkeologi og handverkstradisjonar. Dermed skape kurs og aktivitetar slik at folk ynskjer å komme tilbake og bruke anlegget ved fleire tilhøve. Fagnivået kan leggst på like høgt nivå som ved eit senter, samtidig som bygget nok har eit større kommersielt potensiale. Det kan arrangerast teaterframsyningar, rollespel, små konsertar, kurs, gilde, selskap og ulike utstillingar grunna ein spesiell atmosfære. Ein har og meir moderne lokale ein kan nytte når det er aktuelt, både på museet og på næringshagen.

For både grunnskule og vidaregåande skular vil dette bli attraktivt å nytte i undervisninga, då det kan femne om fleire ulike undervisningsfelt/oppgåver. Alt frå historieformidling til handverk og drama. Såleis kan det nyttast for tildømes tømrrar-, kunsthandtverk- og dramalinjer.

Derne er det ein rekonstruksjon som vil engasjere lokalbefolkninga til dugnad og er det alternativet heile prosjektet spring utifrå.

Drift:

Konseptet gjev mogelegheit for gradvis oppbygging av aktiviteten om det ikkje blir lånefinasert. Utviklingsselskap for kulturferiar og eventuell turistformidling kan byggjast

opp. Særeigne og svært estetiske lokaler som gjev ei unik ramme for ulike typar arrangement av både fagleg og kommersiell art. Ein må basere seg på at den kommersielle drifta skal finansiere det faglege arbeidet.

Park:

Eit anna alternativ til eit moderne senter er å lage ein park. Her kan ein nytte lokaler på museet til utstillingar, kurs og sal av produkt. Det er klart at det vil gje eit lågare aktivitetsnivå og færre næringsmessige ringverknader, men det er både faglege og økonomiske argument for denne løysinga.

Fagleg er der ein diskusjon på dette med å rekonstruere fortida på slike grunnlag ein har når det gjeld hus. Frå arkeologien har ein funne ein del spor av grunnplan og gjenstandar, men ein må gå over i ein tolking når ein skal sette opp resten av huset. Dermed er ein med på å setje føring på forestillinga om forhistoria og kanskje lage sanningar som seinare vil vise seg ukorrekte.

Økonomi:

Økonomisk er det både rimelegare å lage og drifte ein park, men der er ein grunnkostnad med veg og parkering som er like stor uansett alternativ.

Bruksområde/fagleg:

Alternativet er ein fin attraksjon som kan integrerast i Eide natur og kultursti. Ein kan ha eit tilbod om guida omvising frå museet for skuleverket og besøkande. Ein kan og arrangere uteaktivitetar i parken når været tillet det og elles legge aktivitetar til andre bygg i området når det trengst.

Drift:

Dette kan så bli ein del av Nordfjord Folkemuseum sin aktivitet, i samarbeid med Gloppen kommune og fylkeskommunen. Det blir pleie av vegetasjon med vatning, grasklipping etc.

No er her to måtar å lage ein park på. Tradisjonell og ein litt meir vågal variant. **Tradisjonell park** kan gå inn i ei stegvis utbygging av ein rekonstruksjon. Medan den **Arkitektoniske parken** er ein fagleg grunna motpol til rekonstruksjon. Dette parkalternativet er klart det som vil gje oss mest merksemd og det som skapar mest debatt kring fagleg diskusjon kring det å fortolke forhistoria. Mange vil og bli utfordra av ei slik framsyning og det vil skape ein spennande debatt og refleksjon.

Prosjektleiar si tilråding

Prosjektleiar er overtydd om at oppbygging av eit moderne senter er eit for tungt økonomisk løft. Dette med bakgrunn i respons frå faggruppa, lokale forhold og erfaringar frå anlegg kring om i landet. Ein rekonstruksjon er difor mi anbefaling. Ein rekonstruksjon vil også kunne fylle dei fleste funksjonane til eit senter, samtidig som det økonomisk tillet ei gradvis oppbygging av aktiviteten og har eit større kommersielt potensiale.

Når det gjeld parkalternativ, ser eg den arkitektoniske parken som dynamisk, spennande og utfordrande. Den vil gje funnet merksemd og skape ein debatt kring formidlinga. Difor set eg dette som alternativ 2. Dei andre to alternativa tilrår eg å skrinlegge og er ikkje med i mi tilråding.

Styret si handsaming:



GLOPPEN KOMMUNE

FORPROSJEKT